

BOKN BYGDÅBLÅD

NR. 7 - SEPTEMBER 1997 - ÅRG. 12

MED KULTURKALENDER HÅUSTEN 1997



Torsdagstreffet	s. 3
Glimt frå Bokn!: Kyrkja 120 år i 1967	s. 6
Kulturminnestafetten	s. 9
Energihonning	s. 17
Stubbar og originale svar	s. 18

KJÆRE LESARAR!

Denne utgåva av Bygdabladet er spesielt på fleire måtar. Det er m.a. i større format enn vanleg. Dette er p.g.a. at Kulturkalenderen for hausten 1997 ligg i midten, og folk kan riva han ut og bretta han sjølv. Då trykkinga av kalenderen skulle ta til i byrjinga av juli streika printeren, og idéen om å setja han i Bygdabladet blei fødd. Fordelane er mange; betre trykk, flottare bilder, billegare å produsera, og ikkje minst når kalenderen ut til nesten 500 abonnentar på ein gong. Då får det heller gå at bildene ikkje blir i fargar.

Formatet på bladet har vore diskutert, og no kan me sjå korleis det blir med dette formatet. Det er sjølvsagt litt dyrare å laga Bygdabladet i A4-format, og inneverande budsjett gjer at det ikkje blir fleire slike format i år. Men fordelane er fleire med eit slikt format; originalane blir skrive med ein annan skrifftype slik at det blir plass til meir tekst samt at skrifta blir større. Dette gjer at bladet blir lettare å lesa for dei som ikkje ser så godt. Bildene kjem også meir til sin rett i eit A4-format.

Bygdabladet er også forsinka av ulike grunnar. I forhold til fristar og andre kunngjeringar er ikkje dette det beste, men med hjelp av telefon kjem me alltid i mål.

Me er inne i jubileumsmånen til Bokn kyrkje, og alle boknarar blir med dette oppfordra til å støtta godt opp om i jubileumsveka!

Olaug Hognaland har skrive ein jubileumssalme som Jardar Havikbotn har laga melodi til. Denne blir brukt i skule-prosjektet, og skal også syngjast under jubileumsgudstenesta på sundagen der skulekor og fylkesmusikarane er ledsagarar til kyrkjelyden.

1. Oppe på høgda står kyrkja vår,
har stått i hundre og femti år.
Med tårn og med kors og klokka,
som ljoma og song og lokka.

2. Folket, dei høyrd i regn og sol,
hadde dei plass i sin kyrkjestol.
Var saman om bøn og ordet,
og møttest ved nattverdbordet.

KYRKJA VÅR ER 150 ÅR!

- | | | |
|-----------|------|-----------------------------------|
| • Tysdag | 16.9 | Kyrkjekonsert kl. 19.00 |
| • Torsdag | 18.9 | Bedehuskveld kl. 19.00 |
| • Fredag | 19.9 | Bygdakveld kl. 19.00 |
| • Sundag | 21.9 | Jubileumsgudsteneste
kl. 11.00 |

Som dei fleste boknarar er klar over feirer kyrkja jubileum i veke 38. Kyrkja er vaska og malt utvendig og vaska innvendig. Soknerådsleiar Sigvart Våga kan fortelja om stor dugnadsånd for å få kyrkja malt. Heile 10 stk. var med og gjorde arbeidet på tre dagar.

Birger Lindanger har skrive eit skrift om kyrkja gjennom tidene. Under arbeidet har ein «funne» den gamle døypefonten som er 900 år gammal, og ein av to i Rogaland i sitt slag. Han står på Karmsund Folkemuseum og kommunen har fått ein del bilder av kulturskatten. Jubileumsheftet kan kjøpast for kr. 50,- fra veke 38 på Boknatun.

Bokn skule har prosjekt om kyrkja vekene 36, 37 og 38. Fylkesmusikarane skal vera med i ulike samanhengar heile veke 38. Tensingkoret *One Way* fra Tysvær skal også vera gjester under kyrkjekonserten den 16. I tillegg skal fleire lokale musikarar i ilden under jubileumsveka. På bygdakvelden den 19. kjem Berge Furre for å vera med oss og halda foredrag.

3. Og om så vegen var lang å gå,
folk kom i kyrkja vår, store, små
i glade og tunge stunder.
Var vitne til dåpens under.

4. Herre, vår Gud, som gjer allting vel,
verna ditt hus i frå lyn og eld.
La barn i all framtid læra
å halda ditt navn i æra.

TORSDAGSTREFFET

Kvar torsdag er det familieday i 2. etg. på Boknatun. Då samlast folk i alle aldrar rundt bordene i Allrommet, ikkje berre for å få seg vaflar, saft og kaffi over ein drøs, men også for å nyta seg av dei tilboda som er på ein torsdag. Enkelte skal til legen eller tannlegen, andre på biblioteket eller fotpleie, og eldre har også tilbod om middag, bading, m.m.. To gonger i året er det sal av klede denne vekedagen, og det har også vore utstillingar, konsertar og sal av hobbyvarer. Sjukestova har også gode henterutiner for dei som er dårlege til beins.



Kjøkkensjef Torunn Hognaland, ein sentral person på Torsdagstreffet.

Foto: JH

Torsdagstreffet, eller *vaflene* som mange kallar dagen er eit kjempefritt tilbod frå Bokn Sanitetsforening, og er det største faste kulturarrangementet i veka her i kommunen.

- Kor lenge har de holdt på med dette, Torunn Hognaland?

- Me starta opp i januar 1989, då var det på tysdagane. Dagen skiftar etter doktordagen, og det har no vore torsdagane ei god stund.

Praten går livleg, og det er ganske høglydt i Allrommet og på biblioteket. Her kan ein høyra alt frå latter og grining til meir dempa samtalar, noko ein må rekna med når folk frå 0 til 90 år er til stades. Det er ikkje få verdsproblem som er blitt løyste på desse kulturdagane sidan 1989.

Det var sal av klede då Bygdabladet tok turen innom, og på handlerunde var Olga H. Alvestad. Ho har vore på desse treffa kvar gong sidan dei byrja.

- Kvifor er du her kvar torsdag, Olga?

- Dette er eit svært godt tilbod som eg ikkje må gå glipp av. Her kan eg få med meg det meste på same dag.

- Kva er det viktigaste for deg med desse torsdagane?

- Å få prata med andre. Her kjenner eg alle, og eg får fylgja godt med kva som skjer i bygda, kjem det entusiastisk frå Olga idet ho tar seg ein kaffitar etter handleturen.

Olga, som no bur rett ved sida av Boknatun, i ein av trygdebustadene, seier ho har det veldig godt. Ho trekker særleg fram at dei eldre får middag, bada seg, rulla opp håret, osv. som noko av det beste med denne dagen.



Olga H. Alvestad saman med Sanitetsleiar Inger S. Bokneberg med Othilie Aksdal i bakgrunnen

Foto: JH

- Det er også bra at kommunen har samla så mykje på ein stad på same dag. Eg les t.d. mykje, og likar å høyra på god litteratur, og då er det veldig fint at biblioteket har ope samstundes.

Olga er blant dei som også nyttar seg av lydbøker, noko som er blitt vanleg dei siste åra. Før ferden går vidare inn på biblioteket, kan ikkje Olga få rost *Sanitetten* nok.

- **Dei må aldri slutta med dette!**

Anita Bokneberg og dottera Celina er blant dei som kikker i barnebøker. Anita representerer den yngre generasjon som går meir eller mindre fast på *Torsdagstrefftet*

- Ja, eg har gått her mykje sidan eg fekk Celina. Når det ikkje er så mange ungar rundt der me bur er det veldig kjekt med desse treffa. Det er heilt tydeleg at Celina ser fram til desse dagane.

- **Er det berre p.g.a. henne at du kjem på vaflene?**

- Nei, eg har sjølv sagt like mykje glede av det sjølv. Me er ein fast gjeng her, og viss det er enkelte så ikkje kjem ein dag, ja, så er det eit av samtaleemna, smiler Anita, som er enig i at det også er litt bygdasladder mellom veggane her.




Anita Bokneberg m/dottera Celina
Foto: JH

- **Det er vel torsdag som er den store utlånsdagen, Linda Ognøy?**

- Viss du ser bort ifrå skuleklassar så stemmer nok det, ja. På torsdagane er det også mykje ungar her, og forutan vanlege bøker er videoulån populært; barne- og familiefilmar.

Biblioteksjefen fortel vidare at tidskrifter, lydbøker og storskriftsbøker også er populære. Slike bøker er dyre, og biblioteket held på å bygga opp dette tilbodet, sakte, men sikkert.




Linda Ognøy foran publikumsterminalen
Foto: JH

- Folk er gjerne ikkje klare over kva eit moderne bibliotek kán tilby. Det er ein del lånarar allerede som nyttar seg av lydbøker, spesielt pendlarar høyrer på litteratur til og frå jobb, kan Linda opplysa om. Det som ikkje er inne på biblioteket kan skaffast, og alt er gratis!

Eit moderne bibliotek er dette i ferd med å bli. No er nemleg den moderne publikums-terminalen på plass, og det som nokon har sagt: «Med hele verden innenfor bibliotekdørene» har begynt å gjelda i Bokn. Forutan den kraftige PC'en med stor skjerm er også ein maskin med både scanner, fargekopimaskin og printer på plass. Dette betyr m.a. at boknarar i opningstidene kan bruka internett - gratis. Folk kan også få ta fargekopier til ein rimeleg penge. Rutinene rundt bruken av terminalen, som også på sikt skal omfatta heile billedsamlinga av gamle fotos frå Bokn, vil Bygdabladet koma tilbake til seinare.

- **Framtidsplanar?**

- Å få auka bokbudsjettet slik at boknarane kan få større tilbod, og fortsetja å registrera nye lånarar. Eg håpar også på å få meir forfattarbesøk og barneteater-forestillingar her. Det hadde også vore fint med hobbykveldar o.l. her. - gjerne eit samarbeid med lag og foreningar eller enkelpersonar. Eg



*Ann Kristin Grønnestad les for, fv.
Åse K. Øvrebø, Janne Elin Vatnaland
med Martin Trosnavåg bak, Gina
Alvestad og Karina Kjetland*

Foto: JH

vil oppfordra til å ta kontakt, for her kan me få til mykje, fortel Linda medan ho går for å hjelpe ein kunde.

Torsdagen er ein svært travel dag på biblioteket, og Linda set stor pris at ho har med seg lærling i barne- og ungdomsarbeid, Ann Kristin Grønnestad.

- Kva arbeider du med her på biblioteket, Ann Kristin?

- Eg går inn i den vanlege drifta. Det er alt frå å ta imot og levera ut bøker, setja bøker i hyllene til å teikna saman med og lesa for ungane.



BONDEVITSAR- OG HISTORIAR

heiter ei samling småforteljingar som blei samla inn under skuleprosjektet i april. Det var Torstein Alvestad, Roy Alvestad og Øystein Vågshaug som stod for arbeidet, og intervjuobjekta var Sigvart Våga og Leif Vatnaland.

Dei tre skuleelevane har samla desse i eit hefte, og Bygdabladet har fått løyve til å trykka dei.

Ann Kristin fortel også at ho trivst godt med å møta og snakka med folk. Ho kunne godt tenkt seg å få lært seg meir om data for å hjelpa og imøtekoma publikum på ein tilfredsstillande måte.

Før eg forlater **Torsdagstreffet** den dagen står eg med døra til biblioteket i nord og ser inn i Allrommet, og ein ting er sikkert. Eit rolig lesesalbibliotek med hysj, hysj-mentalitet er ein myte, no er det ein samlingsplass med ulike aktivitetar for store og små.

BONDEN PÅ JÆREN

Det var ein gong ein bonde som var ute og dyrka, men det var så mykje stein. Då kom presten og sa:

P: - Du streve fælt!

B: - Ja, eg gjere det, sa bonden.


P: - Med Herrens hjelp går alt betre, for du har fått det fint nå.

B: - Ja, du skal sjå koss det ser ut på den andre sida når Gud er åleine.

SERIE

GLIMT FRÅ BOKN!

Denne artikkelen stod i Hgsd. Avis
04.07.67:



Kyrkja på Bokn er i år 120 år gammal, og no skal jubilanten ørast med ein grundig oppussing.

Omfattande reparasjonsarbeid i gang på Bokn Kyrkje *Nytt pipeorgel til 42.000 kroner*

Det er store ting som skjer med kyrkja på Bokn for tida. Reparasjonsarbeid for mange tusen kroner er i full gang, og

I serien **GLIMT FRÅ BOKN!** presenterer Bokn bygdablad ulike avisutklipp frå Boknhistoria. Denne gong kan du lesa siste avsnitt frå kyrkjehistoria.

når det blir avslutta, blir kyrkja nestan for ny å rekne.

Utvendig er heilt nytt tak lagt, og nå i desse dagane får kyrkja delvis ny ytre kleddnad. Desse arbeida vil til saman koma på nær 40.000 kroner. Dessutan planlegg ein eit større restaureringsarbeid innvendig, men førebels er det berre fargeforslag som ligg på bordet. No vonar ein på Bokn å finna plass for dette prosjektet på budsjettet for 1968, slik at kyrkja også skal kunne få seg ei ny drakt inni.

Men eit nytt orgel er på plass, eit tsjekkisk pipeorgel som har kosta 42.000 kroner. Soknerådet hadde eit orgelfond på 32.000, og den resterande summen blei dekt av kommunen. Det er sjølv sagt stor glede på Bokn for denne nyskaffingen, og det er eit instrument verdig ei kyrkje som i år kan feira 120-årsjubileum.

Og i denne månaden kan me feira at kyrkja er 150 år.

Jubilanten er nyleg vaska og malt utvendig og vaska innvending, så no er alt klart til jubileumsveka i september.

Meir om jubileumsveka lenger bak i bladet.

VISITASEN SOM BLE OPPBRUDD

1. - 23. mars hadde biskop Bjørn Bue tillyst visitas i Bokn med et omfattende program. Som vi alle kjenner til ble biskopen alvorlig syk like før han skulle inn til skoleguds-tjeneste i Bokn kirke. Til tross for iherdig førstehjelp viste det seg at biskopens akutte sykdom ble innledningen til noen tunge ukers sykeleie, og han døde 13. April.


Folket på Bokn vet at det bare er et plankebord mellom liv og død. Når derfor oppbruddets time var inne for vår kjære biskop, stilte lokalsamfunnet opp på forbilledlig måte. Skolen med elever og lærere, ordfører, helsepersonalet i kommunen, menighetsrådet, de tilsatte i menigheten og de mange fra Bokn som samlet seg til åpent møte på bedehuset, viste en sterk gjensidig omsorg og deltagelse i det fatale som hadde skjedd. En stor takk til hver enkelt av dere! Igjen viser det seg at slike lokalsamfunn har kvaliteter som savnes mange andre steder.

Biskopen så med forventning fram til visitasen. Et innholdsrikt materiale var samlet inn gjennom husstandsbesøk av menighetsrådsmedlemmene på forhånd. Og 106 anonyme svarbrev kom biskopen i hende fra ulike husstander på Bokn. Denne spørreundersøkelsen viste seg å bli svært representativ for befolkningen. 11 % av svarene som var avgitt kom fra innbyggere under 25 år; 50 % fra dem mellom 26 og 50 år og 37 % fra dem over 50. Hele 71 % av dem som ikke er aktivt med i kristent arbeid svarte på spørsmålene som ble stilt. Det viser seg at vi har fått en stor bredde av innbyggerne på Bokn til å uttale seg. Hele 80 sier at den kontakten de har med menigheten oppleves som god/svært god. Det forteller at de aller fleste på Bokn har et godt forhold til sin menighet. Sammenlignet med andre menigheter er det også forholdsvis mange som finner vei til kirken. Men hele 18 personer i alderen 25 - 50 år, som nå ikke går til gudstjeneste, sier at de kan tenke seg å gå om noen inviterte dem med seg. Det er 18 av totalt 106 som har svart. Det betyr at langt

flere enn de 18 kan tenke seg å gå til gudstjeneste eller på andre måter ha nærmere kontakt med menigheten. Så mange som 60 % av de som har svart regner seg som kristne. Det er en gledelig høy prosentandel. En hel del lever nok med sitt trosliv uten regelmessig kontakt med det kristne fellesskapet i menigheten. I undersøkelsen kom det fram en rekke konkrete ønsker for menighetslivet: Noen vil ha mer sang i gudstjenesten og flere sangkvelder i menigheten. Flere ønsker gjerne gospelkonserter og ungdomskonserter. Noen unge vil ha ungdomsklubb. En hel del vil ha gruppe for tro/tvil-samtale. Og her er ønsker om kirkebuss, teleslynge, familiefrokoster, samarbeid med mållag og sanitetsforening. Flere uttrykker stor glede over en flott prest i Arne Aurdal!

I spørreundersøkelsen er det langt mer å hente ut. Nå bearbeider menighetsråd og stab dette materialet til hjelp i menighetens forsatte satsing. Her er utfordringer nok å ta fatt i! På den måten ønsker Bokn menighet å ta avsenderne på ramme alvor. Derfor kan også denne visitasen - selv om den aldri kom riktig i gang - bli til oppbrudd og fornyelse for en menighet folket på Bokn er glad i og gjerne vil tilhøre.

Åge Bognø
undervisningskonsulent



MINNEORD

Osmund L. Våge er død, 79 år gammal.

Han blei fødd og vaks opp på garden Våga på Austre Bokn, der han var yngst i ein syskenflokk på tre. Osmund måtte som ganske ung ta over ansvaret på garden saman med mor si Alette Våge då far hans, Lars Våge døydde.

Osmund reiste på sesongfiske, sild og brisling, og arbeidde på garden mellom sesongane. Etter at mora døydde dreiv han garden saman med syster si, Bergit Våge fram til 1985 då han leverte garden over til nevøen Arne Øvrebø.

Osmund var fortsatt aktiv i gardsarbeidet i fleire år.

Dei siste åra svikta helsa, og då blei fjernsynet hans kontakt med omverda.

Han var levande interessert i alt, og var veldig oppdatert og kunnskapsrik, spesielt i historie, men i grunnen same kva det gjaldt. Osmund var også humoristisk og hadde alltid eit glimt i auga.

Det var alltid interessant å besøkja Osmund og Bergit, der ein blei svært godt mottatt. Osmund er svært sakneleg for dei som omgjekk han.

MINNEORD

Lars Øvrebø er død, 91 år gammal.

Han blei fødd og vaks opp på garden Øvrebø på Austre Bokn. Foreldra var Marta og Erik Eriksen, og han var yngst i ein syskenflokk på 10, halvsysken medrekna.

Lars og kona Berta Serine, fødd Våge bygde hus i Øvrebøvågen. Seinare selde dei huset og bygde seg nytt hus i Alvestadkroken.

Lars hadde heile sitt yrkesaktive liv sjøen som sin leveveg, fiske var hans yrke og hobby. Som ganske ung dreiv han med sildeføring saman med brørne sine Severin og Jakob Eriksen (Øvrebø). Då låg brørne i dei hamnene som ein forventa at sildaflåten kom inn til. Der baud dei på sildefangstane, og når dei fekk tilslaget lasta dei silda ombord og førte ho til sildesalteriene, då først og fremst til salteriet som far deira dreiv. Etter kvart gjekk dei over til å driva fiske sjølv.

Lars var medeigar i fleire skøyter saman med brørne sine, og seinare saman med sonen Arne. Det var sild og brisling som var hovudfiske.


Lars var óg bas nokre år på bruket til *Stavanger preserving* i Stavanger. Han blir hugsa som ein ansvarsfull, uthaldande og tolmodig arbeidsmann.

Då Lars blei for gammal til å reisa bort på fiske, dreiv han heimefiske til han var nærmere 90 år. Han var åndsfrisk heilt til det siste. Lars etterlet seg 3 barn, 10 barnebarn, 12 oldebarn og 2 tippeoldebarn.

KULTURMINNESTAFETTEN

Som kjent er Sunnalandsstraumen etter open folkeavstemming tidlegare i år plukka ut til å fylgja Kulturminnestafetten -97. Onsdag 20. august hadde stafetten nådd Avaldsnes, og på Bukkøy skulle Utsira, Bokn og Karmøy leggja dokumenta over dei utvalde kulturminna i kista som stafetten har med seg.

Etter planen drog ordføraren og kulturleiaren saman med Eivind Øvrebø og Johannes Nilssen ut i den over hundre år gamle Boknabåten i eit fantastisk sommarver. Det høyrer med til historia at Egil Ognøy slepte den lettrodde 18 fots båten eit godt stykke på veg mot Bukkøy.




Eivind Øvrebø, Johannes Nilssen, Jardar Havikbotn og Sigrunn Hole Hosaas på veg mot Kulturminnestafetten.
Foto: EO

Medan me låg og venta på å bli ropt opp frå *vikingekaien* på Bukkøy, dukka Utsira opp i sin båt, rett nok i ein motorbåt. Då var også Egil forsvunne, og dei blei mektig imponerte då dei høyrde me hadde rodd heilt frå Bokn....



Vikingklubben Karmøy og Karmøy kommune kan vera stolte av vikingprosjektet sitt på Bukkøy.
Foto: JH



Kystlaget KORMT sin nye og flotte Gavlabåt kom med kista fra Haugesund. Foto: JH

Hovudstafetten kom i kystlaget KORMT sin nye og flotte *Gavlabåt*, og så kunne alle leggja til kai.

I land stod *Vikingklubben Karmøy* og tok imot oss, for så å fylgja oss opp til plassen framom det praktfulle *langhuset*. Forutan høgtideleg overrekkingar av dokumenta frå dei ulike kommunane, stod visegruppa Rett Vest for flotte kulturelle innslag, både ute på plassen og inne i langhuset under *minigildet* av ekte **vikingmat**. Me fekk også ute på plassen ein demonstrasjon av vikingvåpen og handverk samt eit foredrag av Harald Ottøy om Karmøy sine planar for *vikingelandsbyen*.



Dokumentet om Sunnalandsstraumen blir lagt i kista. Foto: JH

Det enkle, informative og effektive arrangementet som Karmøy hadde laga til har dei fått ros for. Takk til Egil for den flotte båtturen fram og tilbake! Alltid positive Johannes og Eivind skai også ha takk for deltakinga!


Berre nokre dagar etterpå kom ein representant frå Kystverket, som er eigarane av borgane i Straumen, til eit møte med kommunen. Kystverket har nemleg fatta ny interesse for kanalen etter at dei høyrde at Bokn hadde valgt ut dette kulturminnet som satsningsområde i Kulturminneåret -97.

Dei vil no ta tak i problemet med vedlikehaldsarbeid på desse murpirane, og prøva å få løyst saken.

Representantar frå Fylkeskulturkontoret var også invitert til møtet. Dei har tidlegare vist

*Rita Svendsbø
frå Kystverket
fotograferer
ulike områder i
steinborgane
som treng
vedlikehald
medan Sigrunn
Hole Hosaas og
guide Johannes
Nilssen fylgjer
godt med.*

Foto: JH



interesse for å vurdera desse borgane som kulturminne. Statens vegvesen si bru over kanalen står som kjent festa på murane i sør, og er også ein aktuell instans til å vurdera verdi og vedlikehald av steinborgane. Bokn kommune har som tidlegare kunngjort bevilga kr. 3.500,- og Kulturminnestafetten kr. 3.500,- Komité for kultursaker i Rogaland har behandla ein oppfordring frå Kulturminnestafetten om bevilgning a kr. 7.000,- til alle

kommunane i fylket, men dette blei avslått p.g.a. budsjettmessige grunnar.

Statens havnevesen, eller Kystverket som det no heiter har i utgangspunktet problem med å bevilga pengar til kanalen dersom vinklinga blir fiskerinæring, men Kystverket skal snart jubilera og satsar på å få prioritert desse unike murpirane som blei bygde i 1875.

Det som no skal gjerast er å få ekspertise til å konkret finna ut kva som må

gjerast, og eit kostnadsoverslag må leggast fram. Målet er sjølv sagt å tilbakeføra kanalen slik som han var opprinnleig. I tillegg vil kommunen setja opp informasjonstavler, og ein vil også fokusera på den berømte sølvskatten som hausten 1923 blei funne rett sør for kanalen. Planane om å ha ein kopi av Boknabåten i Straumen er heller ikkje lagt på is. Sjølv om ein ikkje får gjort alt i Kulturminneåret, er intensjonen om kulturminnefokusering i kommunen oppnådd for lenge sidan.

BONDEVITSAR- OG HISTORIAR

av Sigvart Våga og Leif Vatnaland

- lagt til rette av Torstein Alvestad, Roy Alvestad og Øystein Vågshaug -

MANNEN SOM SKULLE SELJE LAM

Det var ein gong ein bonde i Tysvær som skulle selje lam. Då han gjekk sa naboen: - Du får ikkje selt eit einaste lam, lamma dine er så tynne.



Då han kom tilbake hadde han alle lamma med seg.

Naboen: - Kva var det eg sa, du kunne ikkje selje dei. - Selje dei, sa mannen - eg skulle berre vise dei Haraldsstøtta.

BILKONTROLLØREN

Det var ein gong ein traktor som kom i trafikkontrollen. Det var litt av kvart som mangla på den traktoren, litt knust her og der.

Eigaren: - Ikkje bry deg om sånne småting, eg lurer på kor til hengaren er blitt av.



GOD SKULESTART

Måndag 18. august - i nydeleg sommarver møtte elevar, foreldre og tilsette til fyrste skuledag på skulen. Foreldra til både 1.og 2. klasse var invitert til å vera med til denne historiske hendinga der dei to yngste klassane som nå er 6 og 7 år kom til sin fyrste skuledag.

Me hadde ein noko annleis start på skuleåret 1997/98 enn me har hatt tidlegare år. Dei to fyrste vekene inneheldt felles aktivitetar for alle elevane og dei tilsette. Målsetjinga for undervisninga dei fyrste 14 dagane har vore denne:

1. Me ynskjer at elevane skal bli trygge i høve til kvarandre, lærarar og assistentar.
2. Me vil gje dei litt opplæring i den nye arbeidsforma som er prosjektarbeid.
3. Me vil gje elevane grunnopplæring i bruk av datamaskinane våre.
4. Me vil starte ei opplæring i studieteknikk, bruk av bibliotek og det å finna fram til kunnskap åleine.
5. Me ynskjer at dei minste og største elevane kan finna fram til leikar dei alle kan vere med på, og som ein kan bruke i friminutt og i fri leik elles på skulen.
6. Me ynskjer å gje elevane gode rutinar for trivsel i friminutta.
7. Me ynskjer å lære elevane å ta ansvar for kvarandre, miljøet på skulen og vil etter kvart finne fram til gode ordensreglar.

Det fine veret me fekk dei to fyrste vekene var jo sjølvsagt bestilt, men av og til var det mest for varmt. Det var litt strev med varme klasse-

rom i teoritimane, og me gav heller ikkje elevane lekser i desse to vekene. Elevane var slitne etter varme timar på skulen.

Det er fleire nye tilsette på skulen, og på toppen av Boknafjellet fekk dei i allefall sjå utover «kongeriket» vårt.

Elles gler me oss over at skulen ernymåla både ute og inne og trvst med dei nye fargane rundt oss.

I desse dagar er det **Bokn kyrkje 150 år** som er emne for noko av undervisninga på alle klassesteg.

Ingjerd Thuestad

BAMSE

Bamse, bamse

ta i bakken.

Bamse, bamse

vend deg om.

Bamse, bamse

snu tilbake

same vegen som du kom.

Ein to tre,

a b c.

Regle frå 2. klasse si ABC




OPPUSSING AV SKULEN

Den varme sommaren i år har ikkje berre blitt brukt til bading og rekreasjon. Tre ungdommar frå Bokn har nytta det flotte malingsveret til å mala heile skulen to gonger, og det er ikkje lite arbeid kan Jan Inge Våge og Bianca Alvestad fortelja.

- Me begynte å høgtrykksspyla og mala taket i vestra skuret 23. juni, kjem det frå Jan Inge idet han tørkar sveitten i panna.

- Og me skal halda på til 15. august, ikkje mange dagane før skulen begynner igjen, legg Bianca til, som må innrømma at ho blei lei av maling på slutten.



Bianca Alvestad og Jan Inge Våge malar med eit smil (Kjersti Nygaard var ikkje til stades då bildet blei tatt) Foto: JH

Det er mykje nøyaktighet og presisjon som skal til når ein heil skule skal farast over. Det er ikkje få vinduslister som to gonger har fått besök av stø hender.

- Men det var maling av tak som var mest slitsamt, seier Bianca som også kan fortelja at det har gått med store mengder drikke og solkrem i den varme sommarjobben.

- Ja, det har vore ekstremt varmt enkelte dagar, legg Jan Inge til.

Det har faktisk vore nokre regndagar også, og då har ungdommane m.a. skifta lysrøyri i gymsalen, spylt ved Boknatun, kutta tistel og malt det kommunale «Statoil-huset» ved Kyrkjebygd innvendig.

Kjersti Nygaard, som også var med på å mala skulen, fekk slitasje i armen på slutten og var ikkje med den dagen Bygdabladet tok seg ein prat med dei.

Dei kommunale tilsynsmennene Ottar Håland og Egil Ognøy har berre godord å seia om tålmodighetsarbeidet som er gjort. Ja, ta deg ein ekstra god titt på den røde og grønne skulen neste gong. Han er skikkeleg frisk og fin!


Oppussinga har også foregått inne m.a. i småskuleavdelinga. Dei dyktige og allsidige rein-

Fv. Ingrid Ovidth, Judith Grønnestad, Gunnhild Sæbø og Gerd Alvestad Foto: JH



halarane har liksågodt mala fem rom i denne avdelinga, og fargane er friske og oppkvikkande.

I gymsalen har Egil, tv. på bildet og Ottar malt ein ny, frisk grønfarge på veggane, og golvet er no nylakka.



Den 24. år gamle skulen, som enno av enkelte blir kalla *den nye skulen*, har fått ein god oppfriskning i reformåret 1997.

INTERESSANT PRODUKT FRÅ SVENDSEN BIGÅRDS HONNING

Sigurd Johnny Svendsen har utvikla eit nytt honningprodukt som han har kalla Energihonning. Det eksclusive, reine naturproduktet som styrker immunforsvaret består av halvparten klokkelynghonning, ein kvart del røsslynhonning og ein kvart del purpurlynghonning. Dette er så blitt blanda saman med dronninggelé, og resultatet har blitt utsøkt lynghonning.

Sigurd Johnny
seier til
Bygdabladet at
idéen blei fanga
opp nede i
Australia, og han

er svært nøgd med resultatet. Produktet blei lansert på Haugalandkonferansen i vår, der deltakarane fekk eit beger med honningen. Tilbakemeldingane var positive, og Sigurd Johnny kan gleda seg over kunder over heile landet, mest i Oslo, Stavanger, Haugesund og Bergen. Førebels er salet begrensa til helsekostforretningar, men seinare i haust når produksjonen blir trappa opp vil alle interesserte få høve til å kjøpa honningen.



Det er ca. 1 år sidan Sigurd Johnny lanserte Klokkelynghonningen sin, der etterspørsmålet alltid har vore større enn mengda produsert honning. Birøktaren kan fortelje at **før hausting** i år er over 70% av Klokkelynghonningen allerede solgt. Denne honningen kan som kjent berre haustast i kyststrøka i Rogaland og Sør-Hordaland.

Honningskarar i Bokn har den fordelen at dei berre kan ta ein tur til Sigurd Johnny, eller ta ein telefon for enten å bestilla eller få meir informasjon om produkta hans.

- Korleis kan interesserte personar brukta denne proteinrike Energi-honningen som eit helsekostprodukt, Sigurd Johnny?

- Dei kan t.d. ta ei teskje av han til frokost, akkurat som tran eller Sanasol. Du kan med fordel brukta han i te eller som pålegg. Det er berre å brukta fantasi.

Om Energi-honningen blir ein like stor suksess gjenstår å sjå, men det er mykje som tyder på det.

Bokn kommune vil igjen minna lesarane om dette unike heftet som er ei 60 siders spesialutgåve om Bokns arkeologi, naturhistorie og kulturhistorie.

Tidsskriftet til Arkeologisk museum i Stavanger (AmS) som blei utgitt i samband med «Søndagstur til fortida» i fjor er det beste AmS har laga, seier dei sjølv.

Me vil også minna om **Gammalt or Bokn**, eit 85 siders hefte som er ein forsøk på bygdeboka.

**Du får desse heftene i kommunen
for berre 50 kroner pr. stk.**

frá haug ok heiðni
TIDSSKRIFT FOR ROGALANDS ARKEOLOGISKE FORENING
NR. 3 1996

*Bokn kommune
Arkeologi – naturhistorie – kulturhistorie*

SERIE


STUBBAR OG ORIGINALE SVAR

- av Elisæus Vatnaland, lagt til rette av Birger Lindanger -

OM DRIKKING - BRYLLAUP OG «SELABA»

I bryllaup og "selaba" brukte dei mykje å syngja eit bordvers etter bordseta der dei også takka for ølet. Verset lydde slik: "O Gud ske lov evindelig, for øl og mad så rundelig, dig Gud til ære og til gavn, vi fikk os mad i Jesu navn". Dette bordverset er brukta heilt til vår eiga tid, men "for øl og mad rundelig" er brigda til "for mad og drikke rundelig".

Så lenge brennevinssbrenninga var fri (til 1845) og vel gjerne noko lenger, syrgde kvar gardmann for brennevin til heimebruk, og då gjerne brent i meste laget. Slikt heimebrent var ikkje heilt ufarleg. Det hendte når nokon svelgte for mykje av det alt for snøgt, at det kunne bli "brann i halsen", slik kalla dei gamle det. Det var vel ein slags gass som kom opp gjennom matrøyret, og denne gassen kunne ikkje sløkkjast med vatn. Men dei visste råd. Dei let ein lata vatnet sitt i den brennande halsen. Ein mann frå Dagsland fekk ein slik brann under eit bryllaup på Øygarden, og den gamle hjelperåda blei teken i bruk. Det blei også fortalt om fleire andre tilfelle av



slike brennevinssbrannar i halsen.

Mor til Elisæus fortalte at dei også der var plaga med slik halsbrann av brennevin. Men der brukte dei sot mjølk til å sløkkja med.

Brennevinet var rimeleg, og ein kjøpte titt eitt anker - 40 liter - om gongen. I dagens pengeverdi kosta brennevinet kring ti kroner literen og eit anker altså kring 400 kroner.

Å skjenka brennevin i "selaba" - gravøl - kunne heilt fram til slutten av 1800-talet ta ganske overhand. Om eit likfylgje på

Hognaland midt på 1800-talet blei det fortalt at alle var godt fulle då dei gjekk frå Marivigjå med liket. Då dei kom til Dagslandskaret - der den gamle vegen gjekk - sjangla dei som bar likkista på to færingsspri oppe på akslane så mykje at likkista ville ta overvekt. Dei kvelva då likkista opp ned og bar henne slik vidare. Då blei det mindre overvekt og lettare å halda jamvekta. Fleire i likfylgjet vann elles ikkje for skuld fylla å fylgja fram til kyrkjegarden, men vart liggjande att etter vegen.

STYGG FRAMFERD

Ei tid seinare førde brennevinsskjeninga til dei reine orgier på eit "selaba" på Dagsland. Etter gammal skikk skulle "kjømeistaren" skjenka alle bedne selabafolk når dei kom til likferdsgarden. Etterpå skulle så alle til bords og få seg mat før dei bar liket frå låven og inn i den eine stova medan dei song for det.

"Kjømeistaren" – som sjølv var mykje huga på brennevin – tykte han måtte drikka med dei fleste han skjenkte. Til slutt drakk han seg frå sans og samling og vart liggjande utmed døra.

Nokre koner som skulle ordna med maten og borda prøvde å få folket til bords. Men alle var meir eller mindre fulle etter å ha svelgd

fleire drammar så det var lite greie med nokon ting.

Medan dei sat til bords, kom ein full mann rennande inn i stova og ropa ut, at dei som ville sjå liket før dei "sveipte" det – før dei la sveitteduken over andletet og la kistelokket på – måtte komma nå. Då folket kom stavrande fulle inn i likstova, fekk dei sjå "kjømeistaren" liggjande dauddrukken i eit stort knøtrau oppå nokre krakkar. Det sagdest at fleire som var fulle vart mest edru etter ei så stygg framferd i eit selaba.

Og sidan blei det skjent litt meir med måte på selaba.

BOKN



BARNEHAGE

BARNEHAGEN INFORMERER

BOKN



BARNEHAGE

Vi i barnehagen skal delta på FORUTs BARNEAKSJON. Dette går på å bli "kjent med" ei jente fra Sri Lanka som heter Nandini, og vi skal ha en del aktiviteter i forbindelse med dette.

Barna i barnehagen skal i den sammenheng ha en konsert på Boknatur torsdag 25.9. klokken 10.30. Vi ønsker alle som vil høre på oss hjertelig velkommen.

Hilsen barn og voksne i Kyrkjebygd.

LEDIG REINHALDSSTILLING I BOKN BARNEHAGE

Det er ledig 30% fast reinhaldsstilling i Bokn kommunale barnehage. Arbeidstid blir 2 timer og 15 min. pr. dag etter kl. 15.45.

Tilsetning på vanlege kommunale vilkår. Søknad med kopi av vitnemål og attestar kan leverast/sendast barnehagestyrarar.

Spørsmål kan rettast til barnehagestyrar på tlf. 52 74 85 00.

Stillinga kan tiltres umiddelbart.

Søknadsfrist: 22. september

Jarle Håkonseth



SOKNERÅDS
VAL '97

Enno ei orientering til veljarane:

Ved soknerådsvalet i Bokn kyrkje 19. oktober etter gudstenesta skal det veljast 6 medlemmer og 7 varamedlemmer.

Rett til å røysta har kvart medlem av den norske kyrkja som bur i soknet og som innan 31.12.97 vil ha fylt 18 år og som ikkje er fårdømt røysteretten.

Ein må nytta godkjent liste som vert sendt ut til alle husstandar før valet og som òg blir lagt ut i kyrkja.

Ein kan gjera rettingar på lista ved å

- stryke namn
- setje inn nye namn og merke av kor på lista desse skal stå
- kumulere namn på lista ved enten å skrive namnet ein gong til eller skrive ein x eller kum ved namnet.

Det er berre dei 11 fyrste på lista som får røyster ved oppteljing. Dersom ein vil gi røyster til nokon som står lenger nede på lista må ein stryke personar som står høgare opp.


Det er ikkje lovleg å kumulere namn ein sjølv har ført opp.

Det vert høve til å førehandsstemme på kyrkjeverjekontoret i opningstida (8.30 - 15.30) onsdag 14. og fredag 16. oktober. Spørsmål som angår valet kan rettast til soknerådsformann Sigvart Våga eller kyrkjeverje Svanhild Alvestad.

DISTANSERITT PÅ OGNØY

Søndag 24. August var det distanseritt på Ognøy. Det var BORK som stod som arrangør og dei fleste av medlemmene deltok som mannskap eller deltakarar. Det vart ein fin dag kor 19 hestar med ryttarar deltok i to forskjellige løyper ei kort og ei lang løype. Dei som rei den korte løypa rei ein og ein halv gong rundt øya og dei som rei den lange rei dobbelt så langt.

Hestane må inn til ein pulsstasjon ein eller to gonger og då vert pulsen sjekka. Dersom den er for høg må dei venta i ekstra 5 minutt eller til pulsen er gått ned att. Difor er det viktig å kjenna hesten godt og ikkje pressa han for hardt, og ha trena mykje på førehand.



Det vart eit spanande løp kor mellomtider syntte ulike vinnarar. Konkurranse var hard mellom ryttarar som hadde vunne løp tidlegare og nye ekvipasjar. Det var fire hestar som måtte gje opp av ulike grunnar, så det er ikkje noko lettvint løp.


Veret var på vår side, og dei som hadde møtt opp som heiagjeng og støttespelarar koste seg i sola med kaffi og kaker frå vår utmerkte catering gruppe, som hadde laga ein flott kafé i stallen. Hestane var innom start og målområdet to eller fire gonger, så publikum fekk følgje med korleis det gjekk, pulsstasjonen var og lagt til same området slik at det skjedde noko heile tida. Det var og ein tippekonkurranse kor ein skulle tippa på vinnaren. Dei minste tilskodarane fekk høve til å ri då nokre

*Kaia Bratthammer inne på pulsstasjonen.
I bakgrunnen John Ytraland (m/hjelm)
medan Anders Kro (m/blå caps) fylgjer godt med.*


Foto: ÅB

av medlemmene i klubben hadde barneridning.

Klasse : Lang Løype				
Plass	Fornavn	Etternavn	Hest	Løpstid
1	Kaia	Bratthammer	Arabina	01:47:48
2	Lars Øyvind	Brekke	Tålly	01:51:55
3	Jostein	Ytreland	Korina, 13år	01:59:15
4	Kristin	Johannessen	Silvana	02:02:00
5	John	Ytraland	Svana, 10år	02:17:47
6	Terje	Torgersen	Ramona	02:21:20
7	Harald	Askeland	Al Scharo	02:23:40
8	Rolf	Odland	Lenda	02:24:19
9	Odd Jostein	Askeland	Hest	02:40:00
10	Gunnar	Rødland	Tofa	02:45:03



Vinnarane av lang løype: Kaia Bratthammer og Lars Øyvind Brekke Foto: ÅB



Dei tre første plassane i kort løype: Monica Lindanger, Kirstin Hosaas og Torill Grindhaug Foto: ÅB

Klasse : Kort Løype				
Plass	Fornavn	Etternavn	Hest	Løpstid
1	Monica	Lindanger	Linda	00:56:24
2	Kirstin	Hosaas	Isak	01:00:26
3	Torill	Grindhaug	Framsteg	01:02:23
4	Maria	Stokes	Tinna	01:06:26
5	Elise	Madsen	Vågsbeauty	01:09:02

Alt i alt var BORK nøgde med arrangementet, og trur at det vil verta eit nytt ritt neste år. Vi vil takka alle medlemmer som gjorde ein god innsats

denne dagen. Spesielt Erik Eikje som stiller gard og grunn til disposisjon, og sjølv gjer ein god innsats for å få dette til.

SUNDAGSSKULENS DAG 20.09.97

Bokn og Tysvær har gått saman og markerer denne «superlaurdagen» på Aksdalssenteret frå kl. 11.00 til 15.00. Ordføraren i Tysvær opnar det heile, og blant det som skal skje kan nemnast:

- stort barnekor
- sundagsskulebarna syng
- intervju av kjende personar
- dokketeater
- drama
- flanellograf
- tombola
- sal av vaflar m.m.

Alle er hjarteleg velkomne, ingen er for liten, og ingen er for stor.




Du som enno ikkje har begynt på sundagsskulen inviterer me spesielt

17-ÅRINGAR I USA

Fire ungdommar frå Bokn skal dette skuleåret gå på skule i USA. Tre av dei, Frank Svendsen, Inger Marie Våge og Brit Nesvik er med i eit utvekslingsprogram medan Arnstein Hosaas har fått eit utdanningsstipend frå Haugesund Rotangklubb.

USA-ungdommene våre har blitt oppmoda om å koma med nokre helsingar frå USA i den tida dei er der borte.

Me ynskjer lykke til med USA-opphaldet!



STATOIL INFORMERER

BYGGER VEIER OG BRAKKERIGGER PÅ BOKN

Statoil har - på vegne av deltakerne i Europipe II-prosjektet - inngått kontrakt med Kruse Smith-gruppen, Kristiansand/Stavanger, om forberedende byggearbeider for Europipe II-ledningen i Bokn kommune i Nord-Rogaland.

Arbeidene omfatter veiutbedringer, bygging av nødvendige anleggsveier og opparbeiding av midlertidige riggeområder. Kontor- og boligriggen på Vestre Bokn skal ha plass til ca. 40 personer.

Anleggsaktivitetene starter 1. september i år og skal være avsluttet innen 1. mars 1998.

Dei som har vore i nærleiken av Knarholmen i det siste har sett at arbeidet er i full gang. Bygdabladet får opplyst at Statoil vil koma med meir informasjon seinar i månaden.

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : 10.00 - 13.30
ONSDAG : 16.00 - 19.00
TORSDAG : 10.00 - 13.30

**GAMMEN
OM BOKER**

VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET

Lesetips for september:

VAKSNE:

Ekmann, Kerstin:

Gjør meg levende igjen.

Køltzow, Liv:


Verden forsvinner.

Rendell, Ruth:


Gatens nøkler

Roy, Arundhati:

guden for små ting



FERIEN ER SLUTT OG SANITETEN ER
PÅ PLASS MED KAFFI OG VAFLER
KVAR TORSDAG I BIBLIOTEKET
SI OPNINGSTID



BARN/UNGDOM:

Barklem, Jill

Flere musehistorier fra
tornekattet.

Lindgren, Astrid:

Emil og suppebollen.

Olsson, Søren:

Sunes skoleransel

Provoost, Anne:

Fallet

ALLROM - BIBLIOTEK

Etter litt ordveksling dei siste månadene i Bygdabladet og friske diskusjonar blant enkelte boknarar om bibliotekbruken av Allrommet, er det på sin plass å gå tilbake til 1985 og informera om det som då skjedde.

31. januar 1985 blei det frå Bokn kommune søkt om godkjenning av nye biblioteklokala i det nye kombisenteret som skulle byggjast. For å oppfylla dei normerte krava for eit folkebibliotek blei det søkt om kombinasjonsbruk av lokale i 2. og 3. etasje: 90,7 kvm i 2. etasje og eit magasin på 10 kvm i 3. etasje. I tillegg ville to allrom og pausekrok kunne nyttast i opningstida, slik at det totale bibliotekarealet blei på ca. 217 kvm. Søknaden frå Bokn gjekk via Rogaland Fylkesbibliotek til Statens Bibliotektilsyn, og Rogaland Fylkesbibliotek, som såg svært positivt på kombinasjonsbruk, anbefalte for Statens Bibliotektilsyn at lokala for Bokn folkebibliotek fekk permanent godkjenning.

Svaret frå Statens Bibliotektilsyn var slik: «Lokalet godkjennes under forutsetning av at biblioteket kan benytte tilstøtende rom i åpningstiden og at lokalets tilgjengelighet for funksjonshemmede er i samsvar med gjeldende byggeforskrifter.»

23. mai 1985 kom meldinga frå Statens Bibliotektilsyn om statsstøtte på kr. 90.000,- til bygging/innredning av folkebiblioteklokala. I eit møte med rådmannen, kulturleiaren og biblioteksjefen rett før sommarferien fortalte Fylkesbiblioteksjef Kurt Kristensen at tilskottet blir trukke tilbake umiddelbart viss

ikkje bibliotekbruken samsvarer med dei forutsetningane som blei gitt i 1985.

Sjølv om biblioteklokala er godkjende under forutsetning av at allromma (det me kallar Allrommet i dag + gangen) og pausekroken (utafor Kyrkjevergen) skal brukast i opningstida, står det ingenting om at veggan mellom biblioteket og Allrommet skal vera open permanent. Og det er også dette som provoserer enkelte, medan andre meiner dette er ein fordel.

Ordninga med å ha permanent ope mellom desse to romma er ei **prøveordning inntil vidare**, og det er ikkje fatta noko vedtak i denne saka enno. Grunnen til at behovet for å ha ope permanent meldte seg så mange år etter at biblioteket stod klart, er dei nye krava til kva eit bibliotek skal vera i dag; eit aktivitetshus, og ikkje berre ein plass der folk låner bøker.

Eit vedtak om samanslåing av skulebibliotek og folkebibliotek frå 1994 blandar seg også inn i denne saka, for som fungerande skulebibliotek skal folkebiblioteket ifølge grunnskulelova vera tilgjengeleg for elevane. Minstekravet der er at det skal vera mogleg å ha ein heil klasse i arbeid på biblioteket samstundes. Dei praktiske forholda mellom skule og folkebibliotek er heller ikke løyste pr. i dag.

Kommunen skal i haust ta tak i spørsmåla omkring bibliotekdrifta, og prøva å få løyst dette til beste for boknarane.

Ikkje foretrekk, som noen gjør, den boklige ambisjon å lagre bøker og ha velmøblerte biblioteker, mens hodene deres er tomme for kunnskap. Å ønske

å ha mange bøker og aldri bruke dem, er som å ha et barn som vil ha et stearinlys brennende mens det sover.

Henry Peacham



STATENS DYREHELSETILSYN

Distriktsveterinæren i Tysvær

OVERVAKINGS- OG KONTROLLPROGRAM FOR SKRAPESJUKE.

I forbindelse med Stortinget si handsaming av Jordbruksavtalen er det sett av midlar m.a. til overvakings- og kontrollprogrammet for skrapesjuke for 1997.

Programmet skal starta i haust, og den praktiske gjennomføringa vil starta med informasjonsmøter for grupper av småfeeigarar med oppstart av sjølvé arbeidet i tidsrommet september - oktober.

Distriktsveterinærane vert hovudansvarleg for opplegget og gjennomføring av arbeidet. Målsetjinga for hausten 1997 er å gi alle småfeeigarar same informasjon om og innføring i programmet. Når alle er framheva, tyder dette at det påkviler alle småfehaldarar å tileigna seg kunnskap om programmet, og korleis den praktiske gjennomføringa med registrering, journalføring o.s.v. i kvar einskild besetning skal gjennomførast.

15 % (eller fleir) av alle småfebesetningane i landet skal vera vitja av offentleg veteraner hausten 1997, og så vil arbeidet vidareførast i 1998 for resten. I Rogaland og Hordaland skal alle besetningane gjennomgåast ein gang årleg ubunde av storleik. Geitebesetningane er også med i opplegget.

Når det gjeld detaljar om praktisk gjennomføring vil dette verta gitt på informasjonsmøtene. Kvar distriktsveterinær vil ut frå geografiske tilhøve i kvar sine distrikt leggja opp til turvande antal møter for at alle skal kunna delta. Eit godt samarbeid med sau- og geitavlslaga vil vera til stor hjelp.

Det som likevel vil gå som ein raud tråd gjennom heile opplegget er å ha eit godt samarbeid dyreeigar- veteraner, og at dyreeigaren får best mogeleg grunnlag for å plukka ut misstenkelege tilfeller og meldia frå om dette.

Fram til no har det i hovudsak vore dyreeigaren som har oppdagat misstenkelege tilfeller og meldt frå. Slik vil det i hovudsak framleis vera. Det er dyreeigaren som best kjenner kvart einskilt dyr sin væremåte og dermed best i stand til å registrera endra oppførsel. Det vil påkvila distriktsveterinären å fylgia opp innmelde kasus, inspirera mistenkelege dyr og ta turvande prøver enten av døde dyr, eller innsending av levande dyr for laboratoriegranskning. Alt dette arbeidet utan kostnad for eigaren.

Sjølvé programmet må sjåast på som ein lekk i arbeidet med å få bukt med skrapesjuka, og derigjennom oppretthalda tiltru til næringa, og minska otten for bruk av sauekjøt hjå forbrukaren.

Ut frå innhaldet i programopplegget vert det etter ein gong sett solidaritetskrav til den einskilde sauveigaren.

Distriktsveterinæren i Tysvær
Distriktsveterinæren i Karmsund
Distriktsveterinæren i Indre Ryfylke
Distriktsveterinæren i Ølen

Takk for all oppmerksomhet i anledning
min 70 års-dag!

Margrete Jøsang

Takk for all oppmerksomhet på min
50 års-dag!

Sigmund Grønnestad

Takk til alle som hugsa meg på 90 års-
dagen!

Helsing Torolf Øvrebø

NYTT 28'' TV M/BORD

billig t.s. - Einar Alvestad, tlf. 52 74 83 43

GULL HERREANHENG

funnet på Petra Fritidsklubb - tlf. 52 74 85 42

BOKN RØDE KORS

takker alle som støtta aksjonen *Mat for livet*.
Det vart samla inn kr. 13.643,-.

Styret

HYTTE/HUS

ønskes leid i Bokn til feriebruk.

Interesserte tar kontakt med Lise Berglund,
4770 HØVÅG - tlf. 37 27 46 20

SVANE FJÆRMADRASSER

2 stk. - pent brukte, rimelig t.s. 52 71 48 95


GRAM KJØLESKAP

285 liter - pent brukte, 6 år t.s. tlf. 52 74 84 02

LEGEKONTORET I BOKN

På grunn av ferieavvikling vil legekontoret
vera stengt følgjande dagar i oktober:

- 6.10 - 9.10 - 13.10 - 16.10



**Har du lyst til å
koma saman
med andre i eit aktivt
og koseleg miljø ?**

Helsesekksjonen på Bokn planlegg å starta opp dagsenter ein dag i veka frå 24. September.

Stad : Allrommet på Boknatun

Tid : Kvar onsdag klokken 11:00 til 15:00

I dagsenteret ynskjer vi å skapa eit trygt og godt og koseleg miljø.

Det blir servering av kaffi og eit lett måltid.

Du blir henta og bringt trygt fram og tilbake.

Dersom du synes dette høyrest koseleg ut og ynskjer å delta, vennleg gje ei tilbakemelding innan 22. september til sjukkestova på telefon 52 74 85 00.

Hjarteleg vekommen!



Helsing Eva Svendsen og
Laila Nemeth



ARSVÅGEN

- Lørdag 20. september kl. 20.00
Skalldyrafoten m/dans: *RIZE*
C.C. kr. 140,-

- Lørdag 11. oktober kl. 20.00
Biffaften m/dans: *Susanne & Hans*
C.C. kr. 140,-

**DU ER VELKOMMEN MED
ANNONSE I BOKN BYGDABLAD!**




TIMEAVTALE VED KOMMUNALE KONTOR

For å yta deg best mogleg service må me be deg om å avtala tid på førehand for samtalar på dei ulike kommunale kontora. Vennligst henvend deg i ekspedisjonen.

Rådmannen

NATURSTI TIL SANDVIKA!

- **SØNDAG 28. SEPTEMBER**
- Oppmøte ved Knarholmen kl. 13.00 - 14.00
- Flott tur for heile familien, men ikkje med barnevogn. Den lengste løypa tar ca. 2 timer medan den korte tar ca. 1 time.
- Startkontigent kr. 10,-
- Premie til beste besvarelse + barnepremie
- Saft/kaffi ved mål
- Alle er velkommen til ein fin naturopplevelse!



BOKN
HAGELAG

BOKN BYGDABLAD

• UTGJEVAR

Bokn kommune

4290 BOKN

Tlf 52 74 85 00

Fax 52 74 86 90

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

• BYGDABLADNEMND

Arvid K. Jøsang

Eli Kro

Reidun Grønnestad

• REDAKTØR

Jardar Havikbotn

• ABONNEMENT

Gratis til alle husstandar i Bokn

Utanbygds kr. 100,- pr. år

• ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 300,-
----------	-----------

Halvside	kr. 150,-
----------	-----------

Kvartside	kr. 75,-
-----------	----------

1/8 side	kr. 50,-
----------	----------

Små privata.	kr. 10,-
--------------	----------

Fastannonse	etter avtale
-------------	--------------

• FORSIDE

Den gamle døypefonten i Bokn, 900 år gammal - står i Karmsund Folkemuseum

• FRIST FOR STOFF

Stoff til bearbeiding, den 15. i kvar mnd.

Smaåannonsar og enkle notat, den 20. i kvar mnd.

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m³ fritt utkjørt innmark.

Kr. 140,- pr. m³ fritt utkjørt utmark.

Kontakt Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy

51 72 32 87

94 67 08 73

ADRESSEETIKETT

Avs.
BOKN KOMMUNE
4290 BOKN
Tlf 52 74 85 00
Fax 52 74 86 90

KULTURKALENDEREN


SEPTEMBER

- Veke 37 er *friluftsveka*
 - 09.: Speidarane og ulve- og meiseflokken held *leirbålskveld for heile bygda*
 - 10.: Indremisjonen, festmøte m/utlodn., kl. 19.30 Bokn bedehus
 - 13./14. *Kretshaik for K- og M-speidrarar*
 - *Veke 38* Bokn bedehus disp. for kyrkjejubileum
 - 18.: Bokn kyrkje 150 år, *prosjektavslutning på skulen*
 - 18.. *Kyrkja og bedehuset*, bedehuset kl. 19.00, Jan Magne Moi kjem
 - 19.: Bokn kyrkje 150 år, *bygdakveld på skulen*
 - 19.-21.: *Køyrekurs og stevnekurs*, arr. BORK
 - 20.: Sundagsskulens dag, Tysvær og Bokn har arr. på Aksdal Senter kl. 11.00
 - 28.: *Natursti til Sandvika*, innlagde oppgåver med premieutdeling ved Knarholmen - arr. Bokn hagelag
 - 28.: *Blå Kors*, møte - bedehuset kl. 19.30
- OKTOBER**
- 01.: *Bingo*, arr. Bokn idrettslag
 - 01.: *Indre sjømannsmisjon* - bedehuset kl. 19.30
 - 03./04 *Overnattingstur for ulvungar og meisar*
 - 08./09/
 - 10.: *Haustferie*, Bokn skule

09.: *Årsmøte, blomsteroppsetting* v/Bente Husebø Allrommet kl. 19.00 - arr. Bokn hagelag

11.: *Dans*, arr. Bokn idrettslag

12.: *Santalmisjonen* - bedehuset kl. 19.30



SEPTEMBER

- 17.: Bokn kyrkje 150 år, *kyrkekonsert kl. 19.00 - gjester og lokale krefter*
- 21.: Bokn kyrkje 150 år, *jubileums-gudsteneste kl. 11.00 med laupskaus på skulen etterpå - enkelt program*
Arne Aurdal/bisp.

OKTOBER

- 05.: Gudsteneste kl. 11.00 - vikar

FOTTERAPI

Kvar fredag. Påmelding i
tlf. 52 74 84 79 - Rita Jensen

HELSESTASJONSDAG

Måndagar 9-11.30. Elles etter avtale.
Marie Løvoll Faye
helsesøster

LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun

Ordføraren er å treffa på Boknatun torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00

BOKN FYSIOTERAPI

Geir Austvik - tlf. 52 74 85 00